

Her dyrkar me potet



Potet er ei allsidig grønsak som gjerne blir brukt til middagsmaten, chips, gelegodteri, akevitt og vodka.

Poteta trivst i dei fleste dyrkingsmiljø. Ein kan styre poteta sin kvalitet ved å velje rett potetsort, jordart, dyrkingsmetodar, hausteteknikk og lagring. Kvaliteten blir også styrt av jorda sine eigenskapar, nedbørsmengder og temperatur i vekstsesongen.

Potetene har ulike eigenskapar. Poteter med høgt tørrstoffinnhold, slik som mandelpotet, er gjerne smakfulle, men kokar lettare sund enn poteter med lågare tørrstoffinnhold.

I gjennomsnitt haustar ein om lag 2,5 kilo poteter per kvadratmeter på ein potetåker i Noreg. Ei stor utfordring i potetproduksjonen er plantesjukdommen tørrote som kan øydeleggje avlinga.